



Ulstein kommune

Rådmannen

KULTURDEPARTEMENTET

Postboks 8030 DEP
0030 OSLO

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr</i>	<i>Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2017/2107	17279/2017	INGHES	19.12.2017

HØYRING - FORSLAG TIL NY LOV OM TRU- OG LIVSSYNSAMFUNN

Ulstein kommune viser til Kulturdepartementet sitt høyringsbrev av 25. september 2017 i høve forslag til ny lov om trus- og livssynssamfunn, med frist til 31. desember 2017 for å gje uttale.

Ulstein kommune har følgjande innspel til høyringa:

1. Ulstein kommune er positive til Kulturdepartementet sitt forslag til ny lov om trus- og livssynssamfunn, som i tillegg til å innebære ei betydeleg administrativ forenkling, vil sikre ei meir samordna og einsarta handsaming av dei ulike trus- og livssynssamfunna.
2. Ulstein kommune er nøgde med dagens ordning og er positive til at denne vert vidareført, men under føresetnad av at Kyrkjemøtet ikkje får mynde til å fastsetje mellom anna inndeling av sokn.
3. Dersom Kyrkjemøtet sjølv skal få retten til å bestemme inndelinga av sokn, ønskjer Ulstein kommune at dagens todelte finansieringsordning av Den norske kyrkja vert avvikla, og at staten overtek det fulle ansvaret for finansieringa, jf. § 12 i lovutkastet. Det verte store utfordringar om finansieringa fortsatt skal ligge i kommunane og mynde til å vedta inndeling ligg i Kyrkjemøtet. Slik Ulstein kommune ser det må det vere samanheng i struktur og finansieringsform.
4. Ved ei statleg overtaking av finansieringsansvaret er det lagt opp til at staten si rammeoverføring til kommunane skal reduserast tilsvarende auken i statens rammeoverføring til kyrkja. Ulstein kommune saknar ei nærare utgreiing av korleis ein har tenkt å berekne uttrekket.
5. Ulstein kommune støttar forslaget om ei statleg overtaking av ansvaret for finansieringa av tilskot til trus- og livssynssamfunn, utanom Den norske kyrkja. Kommunane har i dag ingen reell påverknad på godkjenning av medlemsregistre, og vi er i realiteten berre ein utbetalingsinstans. Administrativt vil ei statleg overtaking innebære ei lette for kommunen.
6. Dersom den todelte finansieringsordninga av Den norske kyrkja vert avvikla og

Kyrkjemøtet får mynde til å vedta struktur, ser Ulstein kommune ingen grunn til at utgifter til gravplass skal utgreiast av kommunen. Dersom det skal gjennomførast ei reform får ein gjennomføre den fullt ut og ikkje la fragment av den gamle ordninga ligge att.

Med helsing

Verner Larsen
rådmann

Ingunn Hestnes
jurist

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.